

Doktor Haugen slik du minnest han 8.

20.12.2014



**Det har vorte fortalt meg at dr. Haugen var svært opptatt av å lære borna å sykla og gå på rett side av vegen. Ofte stoppa han og peika rettleiande til dei, og viss han hadde tid, hende det og at han stoppa og forklarte dei reglane. Lilkevel hende det at uhellet var ute. Smale grusveggar og tidspress får ta sin del av skulda for det. Her følgjer ei historie frå Kristian Hus.**

Ein gong kom doktor Haugen køyrande mot Rosendal i full fart, og heldt seg godt ute på sida, slik han var kjent for. I Plassaneset møtte han far og son på kvar sin sykkel, ein på kvar side av vegen. Ein av dei vart påkøyr. Etterpå skal den folkekjære doktoren ha kome med følgjande replikk:

– Jeg måtte kjøre på en av dem, og da valgte jeg den eldste!

Pasienten vart henta med sjøfly frå Skålakaien, minnest Kristian Hus, og så langt han hugsar gjekk det bra med han som Haugen kalla «den eldste».

Tekst: Kristian Hus

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003